

# Hemsedal kommune

## Møteinnkalling

### Formannskapet

**Møtested:** Kommunestyresalen

**Møtedato:** 20.05.2008

**Tid:** 08.30

Eventuelle forfall må meldast til møtesekretær i sekretæriet på telefon 31408800

Varamedlemmer møter kun etter nærmere avtale.

### SAKSLISTE

<b>Saknr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Tittel</b>
44/08	08/606	<b>GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE</b>
45/08	08/606	<b>MELDINGAR</b>
46/08	06/33	<b>SAL AV TORSET SKULEHUS OG SLETTOSTUGO</b>
47/08	08/202	<b>REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE - 2007</b>
48/08	06/1587	<b>HALLINGDAL BRANN- OG REDNINGSTENESTE - ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2007</b>
49/08	08/587	<b>STYRKE BUSETTING, REKRUTTERING I HALLINGDAL - TILSKOT</b>
50/08	08/586	<b>HALLINGKOST - VIDARE DRIFT. TILSKOT</b>

Hemsedal, 15. mai 2008

Oddvar Grøthe (sign)  
Ordførar

Anne Marie Storeheier  
sekretær

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 44/08  
Arkivsaksnr: 08/606  
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 44/08	Formannskapet	20.05.2008

### ***GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Formannskapet

#### ***Vedlegg:***

Ingen

#### ***Saksopplysningar:***

Saka gjeld godkjenning av protokoll frå møtet i formannskapet 22.april 2008 .

#### ***Rådmannen si tilråding:***

Protokoll frå møtet i formannskapet 22. april 2008 vert godkjent

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 45/08  
Arkivsaksnr: 08/606  
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 45/08	Formannskapet	20.05.2008

### **MELDINGAR**

#### ***Saka blir avgjort av:***

Formannskapet

#### ***Vedlegg:***

- Møtebok for Regionrådet for Hallingdal 25.04.08
- Referat frå årsmøtet i Hemsedal turisttrafikklag 27.03.08

#### ***Saksopplysningar:***

Som vedlegg.

#### ***Rådmannen si tilråding:***

Formannskapet har ingen merknader til meldingane

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 46/08

Arkivsaksnr: 06/33

Arkivkode: 614

Saksbehandler: Odd Magne Anderdal

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 24/08	Formannskapet	26.03.2008
PS 46/08	Formannskapet	20.05.2008

### ***SAL AV TORSET SKULEHUS OG SLETTOSTUGO***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Formannskapet

#### ***Vedlegg:***

1. Kostnadsoverslag frå Thorleif Furuhaug.
2. Kostnadsoverslag Sverre Søgne.
3. Notat Slettostugo og Torset skulehus, frå utviklingsavdelingen Buskerud fylkeskommune.

#### ***Dokument i saka:***

1. Kommunestyresak med vedtak 0091/98.
2. Kartutsnitt over eigedomane.
3. E-post Sissel Carlstrøm.
4. E-post Tom Ole Torset.

#### ***Saksopplysningar:***

**Slettostugo:** Bygget ligg rett over på andre sida av RV 52 for Hemsedal kommunehus. Kommuna overtok bygg og grunn etter tidlegare eigars bortgang. Forutan noko utleigeverksemd(minimalt), let tidlegare eigar bygget stå tomt i svært mange år.

Hemsedal kommune har etter overtakinga leigd ut bygget til fleire, til dømes Hemsedal Husflidslag. Bygget har og vore ledig i fleire periodar. No er det naudsynt med fleire vedlikehaldstiltak, før bygget eventuelt kan leigast bort. Dette gjeld fyrst og fremst pipe, tak og undertak.

**Torset Skulehus:** Skulehuset står på grunn tilhøyrande Tom Ole Thorset. Han har på bakgrunn av tidlegare politiske saker/administrativt arbeid, etterlyst framdrift i høve byggets

framtid. Torset viser til at han er viljug til å overta bygget vederlagsfritt, men med krav om at han må kunne gjera kva han vil med bygget.

Etter at skuleverksemda vart avslutta, har kretsen brukt bygget som ”grendahus”. Dette fram til 1997-98, då det etter spørjeundersøking i grenda, viste seg å vera liten/ingen interesse for bygget. Det har difor ikkje vore nokon aktivitet sidan 1998.

Det har vore ynskje og planar om å flytte bygget til Bygdheim. Dette spesielt i høve etablering av ”Den gamle garden” som tusenårsstad. Viser til saksnr: 98/00137 og kommunestyresak med vedtak 0091/98.

Sakshandsamar

Carlstrøm skriv fylgjande:

” I samband med

*markeringa er det mykje som kan gjerast, men økonomi og kapasitet vil begrense tiltaka. Frå administrasjonen si side er det ønskeleg å knytte prosjektet tusenårsstaden til prosjekt som har vore drøfta før, men som det ikkje har vore rom for å gjennomføre. Tilskota til tusenårsstadane kjem vel med ved gjennomføringane.*

*Sidan langt tilbake har eigedomen Bygdheim ved HBU vore planlagt innlemma i skuleområdet. Vidare er det tidlegare kome forslag om å flytte det gamle skulehuset på Torsetsida til skuleområdet på Trøim. Administrasjonen vil difor foreslå at prosjektet Den gamle garden der torsetskulen vert innlemma og nytta som eit levande skulemuseum, (kan nyttast som klasserom) vert Hemsedal sin tusenårsstad.”*

Kommunestyret gjorde fylgjande vedtak:

*”Den gamle garden”, med Torsetskulen som skulemuseum vert vald som tusenårsstad i Hemsedal. Dersom det oppstår problem med erverv av eigedomen, finansiering eller andre tilhøve som gjer at prosjektet ikkje let seg gjennomføre må det gjerast nytt vedtak. Tiltaksplan med vedtak med kostnadsoverslag og finansiering må vedtakast av kommunestyret før prosjektet vert igangsatt. Kulturetaten og skuleetaten arbeider vidare med saka.”*

Det har ikkje vore nokon politisk sak i høve Bygdheim i etterkant av sak 0091/98. Dette gjeld også Torset skulehus fram til 2005. Det vart då gjennomført to politiske saker (formannskapet) på bakgrunn av arbeid gjennomført/utført av politisk valt arbeidsgruppe. Men det vart heller ikkje i desse sakene gjort vedtak i høve byggets framtid.

Sissel Carlstrøm stadfestar i E-post at det ikkje har vorte gjennomført fleire politiske saker både i høve Bygdheim, og skulehuset på Torset.

Administrasjon innhenta i 1999 pristilbod/kostnadskalkyle på kva ei flytting av skulehuset ville koste. (Vedlegg 1-2) Med endring til dagens mva, vart det i 1999 kostnadsrekna til ca. 1.7 millionar.

Kulturvernkonsulent Jørn Jensen frå utviklingsavdelinga Buskerud fylkeskommune, gjennomførte synfaring på bygga 5.2 2008. (vedlegg 4) På Slettostugo er det ingen tilrådingar, medan ein på skulehuset, ”vonar at kommunen finn fram til ei god løysing”

### ***Forhold til overordna plan:***

Ikkje vurdert

### ***Miljøkonsekvensar:***

Ikkje vurdert

### **Økonomiske konsekvensar:**

Avhengig av val av alternativ i vurderinga.

### **Vurdering:**

Bygga har vorte minimalt brukt, og det har ikkje vorte gjennomført vedlikehaldstiltak på svært mange år. Difor bør og må fleire vedlikehaldstiltak etter kvart gjennomførast. Spørsmålet er om ein i høve dagens minimale bruk, økonomiske situasjon, samt aukande vedlikehaldsbehov, finn det mogeleg å bruke større økonomiske ressursar på bygga.

Eigedomsavdelinga ser for seg 4 moglege løysingar, med alternativ 4 som mest aktuelt.

1. La bygga stå! Vedlikeholdsmidlar/tiltak ikkje prioritert. Dette bør ikkje vera nokon aktuell løysing. Eigedomsavdelinga ser det svært lite mogeleg/aktuelt med dagens vedlikehaldsramme, å kunne prioritere/setja av midlar til bygga.
2. Er det andre lag og organisasjonar/grupperingar som kunne tenke seg å gjennomføre naudsynte tiltak og bruke bygga. Dette er truleg svært vanskeleg på kretshuset, då bygget ikkje står på kommunal grunn, men kanskje mogeleg/aktuelt for Slettostugo.
3. Flytting er aktuelt i høve kretshuset. Det har vore og er ynskjeleg å flytte bygget til Bygdheim. Ei slik flytting, vart av to entreprenørar kostnadsrekna til ca. 1,7 millionar i 1999. Flytting er ikkje kostnadsrekna på nytt, men vil truleg no koste godt over 2 millionar. Det er ikkje avsatt midlar til ei slik flytting. Vidare står Hemsedal kommune framfor store investeringsbehov dei neste åra. Spørsmålet er difor om det er mogelegheit/ynskjeleg å prioritere dette.
4. Sal/gje bort bygga: Grunneigar Tom Ole Thorset har i E-post til kommunen, vist til at det er aktuelt å overta bygget vederlagsfritt, samt med krav om at han kan gjera kva han vil med bygget. Dette kan vera ei aktuell løysing, men eigedomsavdelinga meiner at Hemsedal kommune fyrst bør leggja bygga ut for sal, eventuelt gje bort bygga til interessentar som i størst mogeleg grad ynskjer å ivareta bygga. Kulturvernkonsulent Jensen frå Utviklingsavdelingen Buskerud fylkeskommune vonar at Hemsedal kommune finn ei god løysing i høve skulehuset.

Eigedomsavdelinga foreslår difor fylgjande løysing:

A: Bygga vert gjeve bort til fyrst og fremst lokale interessentar, som i størst mogeleg grad ynskjer å ivareta bygga.

B: Administrasjon vel ein komite på 3-5 personar som skal vurdere dei innkomne forslaga. Interessent må oppfylle fylgjande minimumskrav:

C: Bygg inkludert grunnmur skal fjernast, samt utføre alt naudsynt arbeid inkludert tilsåing.

D: Interessent må verta samd med grunneigar om tid for gjennomføring.

**Rådmannen si tilråding:**

1. Bygga vert gjeve bort til fyrst og fremst lokale interessentar, som i størst mogeleg grad ynskjer å ivareta bygga.
2. Administrasjon vel ein komite på 3-5 personar som skal vurdere dei innkomne forslaga.

Interessent må oppfylle fylgjande minimumskrav:

3. Bygg inkludert grunnmur skal fjernast, samt utføre alt naudsynt arbeid inkludert tilsåing.
4. Interessent må verta samd med grunneigar om tid for gjennomføring.

**Handsaming/vedtak i Formannskapet den 26.03.2008 sak 24/08**

**Handsaming:**

*Framlegg frå Oddvar Grøthe*

Saka vert utsett. Administrasjonen vert beden å undersøkje om det vert krevd reguleringsendring for eigedomen til Tom Ole Thorseth

Framlegg frå Oddvar Grøthe vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Saka vert utsett. Administrasjonen vert beden å undersøkje om det vert krevd reguleringsendring for eigedomen til Tom Ole Thorseth

---

Viser til utsettingsvedtak i høve spørsmål rundt krav til reguleringsendring.

1.A. Det er ingen privat reguleringsplan i/for området.

1.B. Område som bygget/eigedomen står på, er ikkje regulert til offentlig formål, noko som ville vore naturleg å gjera ved nybygg i dag.

I kommuneplan 2006-2018 ligg bygget i LNF-område SB5, der spreidd bustadbygging er tillete.

2. På bakgrunn av spørsmål frå ordføraren, har Tom Ole Thorset kome med fylgjande attendemelding om bygget skulle verta gjeve/overført til han:

*Fyrste prioritet er å få det burt i frå der det står:*

*1: Prøve å selja det, evt. gratis som motytelse før rivingen.*

*2: Rive det, og selja det som er vært noko.*

*: 3: Vist dei to føregåande forslagji bli vanskelege, tilinntetgjera det på lettare vis.*

*Har ikkje noko plani om å seta det i stand sjøl. Då måtte det i so fall bli ei tillskuddsak før bevaring av gamle bygninga, og bruke det som hytte."*

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 47/08  
Arkivsaksnr: 08/202  
Arkivkode: 212 &14

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

---

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 47/08	Formannskapet	20.05.2008

---

### ***REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE - 2007***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

#### ***Vedlegg:***

15.02.2008 REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE - 2007 – oversendt dei folkevalde  
3.april 2008

07.04.2008 KONTROLLUTVALGETS SIN UTTALE TIL REKNESKAPEN 2007

#### ***Dokument i saka:***

15.02.2008 REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE - 2007

07.04.2008 KONTROLLUTVALGETS SIN UTTALE TIL REKNESKAPEN 2007

#### ***Saksopplysningar:***

Etter forskrift om årsrekneskap og årsberetning datert 15.12.2000 skal kommunestyret i tråd med § 10 i lova vedta årsrekneskap og årsberetning innan 1.juli i påfølgande år etter rekneskapsåret si slutt. Ut frå same paragraf er det formannskapet som skal gje innstilling i slike saker.

#### ***Forhold til overordna plan:***

Ingen

#### ***Miljøkonsekvensar:***

Ingen

***Økonomiske konsekvensar:***

Ingen

***Vurdering:***

Rådmannen syner til ulike kommentarer i Årsmelding for 2007 og til rekneskapen for 2007

***Rådmannen si tilråding:***

Hemsedal kommunestyre vedtek rekneskap og årsmelding for 2007.

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 48/08  
Arkivsaksnr: 06/1587  
Arkivkode: M80

Saksbehandler: Oddvar Grøthe

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 48/08	Formannskapet	20.05.2008

### ***HALLINGDAL BRANN- OG REDNINGSTENESTE - ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2007***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Formannskapet

#### ***Vedlegg:***

- Årsmelding Hallingdal brann- og redningsteneste iks 2007
- Rekneskap Hallingdal brann- og redningsteneste iks 2007
- Møtebok Hallingdal brann- og redningsteneste iks 2007, sak 3/08 – godkjenning av årsmelding
- Møtebok Hallingdal brann- og redningsteneste iks 2007, sak 2/08 – godkjenning av rekneskap
- Dokument vedr. rekneskap for Hallingdal brann- og redningsteneste iks – 2007

#### ***Dokument i saka:***

28.04.2008 ÅRSMELDING - HALLINGDAL BRANN- OG REDNINGSTENESTE IKS

#### ***Saksopplysningar:***

Årsmelding og rekneskap for Hallingdal brann- og redningsteneste vert lagt fram til orientering.

#### ***Rådmannen si tilråding:***

Årsmelding og rekneskap 2007 for Hallingdal brann- og redningsteneste vert tatt til orientering.

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 49/08  
Arkivsaksnr: 08/587  
Arkivkode: 223

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 49/08	Formannskapet	20.05.2008

### ***STYRKE BUSETTING, REKRUTTERING I HALLINGDAL - TILSKOT***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Formannskapet

#### ***Vedlegg:***

Utskrift av møtebok Regionrådet for Hallingdal , sak 28/08

#### ***Dokument i saka:***

Utskrift av møtebok Regionrådet for Hallingdal , sak 28/08

#### ***Saksopplysningar:***

Sjå vedlegg

#### ***Forhold til overordna plan:***

Ikkje vurdert

#### ***Miljøkonsekvensar:***

Ikkje vurdert

#### ***Økonomiske konsekvensar:***

Ingen økonomiske konsekvensar i 2008. Utgifter for 2009 og 2010 må innarbeidast i budsjett og økonomiplan i samband med handsaminga i kommunestyret hausten 2008.

Samla utgift til Hallingdalskommunane er kr 400 000 fordelt på 2009 og 2010. Årleg utgift for Hemsedal kommune utgjer 12% av kr 200 000, dvs. kr 24 000 pr. år.

***Vurdering:***

Sjå vedlegg

***Rådmannen si tilråding:***

1. Hemsedal kommune ynskjer å delta i eit 2-årig regionalt rekrutterings/tilflyttingsprosjekt for Hallingdal, basert på vedlagt saksframlegg, med oppstart august 2008.
2. Hemsedal kommune forpliktar seg til å ta aktivt del i prosjektet og sørgjer for at arbeidet blir forankra og innarbeids i plandokument og budsjett.
3. Hemsedal kommune løyver sin del av kr 400 000, etter regional fordelingsnøkkel, fordelt på 2009 og 2010. Årleg utgift, kr 24 000, i 2009 og 2010, må innarbeidast i budsjett / økonomiplan 2009 og 2010.

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 50/08  
Arkivsaksnr: 08/586  
Arkivkode: 223

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

---

<b>Saksnummer</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Møtedato</b>
PS 50/08	Formannskapet	20.05.2008

---

### ***HALLINGKOST - VIDARE DRIFT. TILSKOT***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Formannskapet

#### ***Vedlegg:***

Utskrift av møtebok Regionrådet for Hallingdal, sak 33/08

#### ***Dokument i saka:***

Utskrift av møtebok Regionrådet for Hallingdal, sak 33/08

#### ***Saksopplysningar:***

Sjå vedlegg

#### ***Forhold til overordna plan:***

Ikkje vurdert

#### ***Miljøkonsekvensar:***

Ikkje vurdert

#### ***Økonomiske konsekvensar:***

Årleg utgift i perioden 2009-2011 for Hemsedal kommune vert kr 33 800. Sjå vedlegg 3 i vedlagte sak.

***Vurdering:***

Regionrådet har rådd til at Halingdalskommunane totalt yter eit driftstilskot på kr 200.000 pr år i perioden 2009-2011 og fordelt slik:

- Grunnbeløp kr 10.000 pr. kommune
- Resterande kr 140.000 fordelt med
  - o 50% etter folketal
  - o 50% etter talet på medlem i den enkelte kommune

Årleg utgift i perioden 2009-2011 for Hemsedal kommune vert kr 33 800.

Det er ikkje sett av ressursar til føremålet i vedteken økonomiplan for perioden 2008-2011. Rådmannen meiner formannskapet må vurdere både om dei vil yte tilskot til prosjektet, dernest kor dei vil tilrå meirutgitene finansiert. Etter rådmannen si vurdering vil det vera rimeleg at midlane vert henta frå bruk av næringsfondet.

***Rådmannen si tilråding:***

Ikkje framlegg til vedtak